



ÅRSRAPPORT 2020

BKM HALLINGDAL





Innhold

Side: 4	Fra styret
Side: 6	Litt om BKM Hallingdal
Side: 6	Årsmøter 2020
Side: 6	Lokalt likviditetsfond for framtida
Side: 7	Søndagsmøter
Side: 8	Aktivitetstilbud for barn
Side: 8	Søndagsskole
Side: 9	Barnevelsigning
Side: 10	Ungdom
Side: 11	Brunstad Ungdomsklubb
Side: 11	Trusopplæring for ungdom
Side: 12	Aktivitetar for 50+
Side: 13	Trygge barn – dei vaksne sitt ansvar
Side: 13	Julefest på Øyni
Side: 14	Årsregnskap for 2020
Side: 20	Uavhengig revisors beretning

Fra styret

Året 2020 går inn i historia som eit år som vart noko heilt anna enn det vi tenkte. Året starta med ambisiøse planar og friskt pågangsmot om å kunne drive aktivitetane våre best mogeleg og med mål om stort utbytte for medlemmene. Økonomiplanen for 2020 var gjennomarbeida og godkjend i Årsmøtet (sjå eigen artikkel). Etter budsjettplanlegging med involvering frå dei ulike brukergruppene, la planen opp til eit høgt aktivitetsnivå med stor tru på det vi brenn for; å skape eit positivt miljø for alle medlemmene innafor vårt kristne formål. Alle aktivitetar og alle gaver er frivillige og tufta på medlemmene sin velvillige innsats. Ingen har økonomisk gevinst eller utbytte av sitt frivillige arbeid.

Alvoret som gjekk opp for oss i mars som følgje av Covid19-pandemien, resulterte i at styret hadde fleire møter enn vanleg utover våren 2020 der vi samlast digitalt. Styret følte eit sterkt ansvar for å gjere det som var nødvendig for å delta i den kollektive dugnaden for å begrense smittespreiing, ivareta forpliktingane våre så godt som mogeleg og å trygge økonomien. Situasjonar i samband med smittevern var i utgangspunktet ikkje eit tema som styret

hadde behandla før. Vi fekk god hjelp av rettleiing som var utarbeida av Norges Kristne Råd og var i dialog med kommuneoverlegen. Etter kvart som det vart tillete å opne for noko aktivitet, vart alle råd og pålegg om smittevern som kom fra kommunen og sentrale styresmakter, straks handsama av ei smittevern-gruppe som vart oppretta i menigheten. Deretter vart alle medlemmene orientert via tekstmeldingar og e-post om korleis tiltaka skulle etterlevast i tråd med fellesdugnaden i samfunnet elles. Vi har opplevd at medlemmene lojalt har slutta opp om dette.

Hovudfokuset for organisasjonsarbeidet i trussamfunnet er retta inn mot barn og unge. Nedstenging av slike aktivitetar over lang tid vil kunne ha alvorlege negative konsekvensar spesielt for desse. Det vart derfor straks sett i gang ulike tiltak både i form av digitale tilbod og aktivitetar i mindre grupper for først og fremst å ta vare på dei unge. Dette har fungert godt og online-tilboda som BCC står bak, har stadig vorte utvida.

Trass i sterke avgrensingar i aktivitetane kan vi sjå attende på eit år med samhald, engasjement og giverglede fra medlemmene våre. Dette har vore heilt avgjerande for å sikre drifta. Det er klart at vi ikkje fekk gjennom-

ført den opphøvelege aktivitetsplanen og vi saknar å kunne komme saman som vi gjorde før. Utover hausten 2020 vart det gjeve litt letting i restriksjonane og spesielt dei yngre har kunne ha nokre fellesaktivitetar. For dei vaksne og eldre har det dessverre vore få høve til å komme saman.

Når vi ser attende på 2020 som var eit krevande år med færre sosiale aktivitetar, ser vi også den innovasjonen og skaperkrafta som ligg i mennesker med tru på framtida. Det er utvikla moderne digitale verktøy for å dele trusgrunnlaget vårt. Både som trussamfunn og enkeltmedlemmer har vi nytt godt av dei interaktive møtene som jevnleg er vorte sende fra BCC sitt studio. Der har vi også vorte betre kjende med BCC som eit internasjonalt trussamfunn. Det har gjort oss rikare å sjå resultater av BCC si mangeårige misjonsverksemd rundt omkring i verda. Denne opplevinga samlar oss og gjev motivasjon til å gjere enda meir for trussamfunnet vårt. Gleden i fellesskapet gjev stor inspirasjon til å bidra både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Året 2020 har lært oss at det er nødvendig å ha nok kapital som ein buffer for å møte krevande og uføreseielege tider. Økonomien vår vart derfor “stresstesta” for å vurdere so-

lidityten og bæreevna i ei krevande tid. Ulike økonomiske scenarier vart gjennomgått for å finne det best mogeleg grunnlaget til å treffe nødvendige tiltak. I ettertid kan vi pus-te letta ut; tiltaka fungerte og vi kom i mål på ein grei måte økonomisk. Korleis utviklinga vert i 2021 veit vi ikkje og kostnadsnivået vert derfor tilpassa denne situasjonen. Vi takkar alle medlemmene for innsatsen i 2020 og ser fram til å kunne drive aktiviteten vår som normalt utover i 2021.

Styret i BKM Hallingdal.

Rita Haug, Morten Sjemmedal,

Rune Østgård, Jonathan Espesgaard og


Olav Espesgaard

Litt om BKM Hallingdal

Brunstad Kristelig Menighet Hallingdal (BKM Hallingdal) er ein del av det internasjonale trussamfunnet Brunstad Christian Church (BCC). Hovudoppgava er å drive kristen forkyning og oppbygging og å legge til rette for trivsel i fellesskapet. BKM Hallingdal driv eit utstrekt frivillig arbeid for alle aldersgrupper. Det er eit mål at alle skal føle seg inkluderte, respekterte og verdifulle.

Av 172 aktive medlemmer er 66 % prosent under 36 år. Det lover godt for framtida. Mykje av det trussamfunnet driv med er derfor retta mot barna og unge. Medlemmene i BKM Hallingdal fordeler seg aldersmessig om lag slik: 65 er under 18 år, 52 er mellom 18-36 år og 57 er over 36 år.

Vi held til på Øyni Konferansesenter ved Torpomoen i Ål kommune.



Årsmøter 2020

Året 2020 starta med ekstraordinært årsmøte i januar der aktivitetsplanen og budsjettet for 2020 vart lagt fram og godkjend. Aktivitetsplanen vart utarbeid etter innspel fra dei forskjellige brukergruppene og budsjettet vart sett opp ut fra dette. Det ordinære årsmøtet vart helde i september 2020. Saker som stod på agendaen var behandlinga av 2019-reknskapet og informasjon om den økonomiske situasjonen på det tidspunktet.

Lokalt likviditetsfond for framtida

Medlemmene i BKM Hallingdal bestemte høsten 2019 seg for å opprette eit lokalt likviditetsfond etter tilråding fra representantskapet i BCC. Det var stor semje blant medlemmene om dette og å komme i mål innan sommaren 2020. Trass i pandemi og omstilling på mange hald, kom vi i mål som planlagt. Vi kjem til å fortsette og fokusere på sparing i tida som kjem, både for å sikre vår eigen økonomi, samtidig som det kan fungere som ei sikringsordning.



Søndagsmøter

Normalt har vi trusoppbygging på Øyni kvar søndag kl. 17. Disse møtene virkar samlande på oss da alle aldersgrupper er med og det er tid til sosialt samvær med gode samtalar på tvers av alder både før og etter møtene. Etter utbrotet av corona-pandemien i mars vart det dessverre brått stopp for desse samlingane.

Sentralforeninga BCC starta straks opp med TV-sendingar der vi fekk åndeleg oppbygging, både i form av sanger, taler og personlege innlegg. Det interaktive studioet vart også bygd i rekordfart og det tok ikkje lang tid før vi også kunne sjå vener fra fjern og nær på skjermen. Det har også vore mogeleg å sende inn eigne bidrag både i form av bilder, film og tekstvitnesbyrd.

2020 har vore ei spesiell tid der det ikkje har vore mogeleg å samlast så mykje fysisk for å dele den kristne trua. Vi ser utvilsomt fram til ei tid der vi kan møtast slik vi gjorde før epidemien.

Aktivitetstilbud for barn

Det er ca. 60 barn fra 0-12 år i BKM Hallingdal. Gode møteplassar for barna er søndagene på Øyni, aktivitetsklubb og sportsaktiviteter. BKM Hallingdal samarbeider både med Aktivitetsklubben, Xercise og Brunstad Ungdomsklubb, og mange medlemmer bidreg aktivt med frivillig innsats for barn og ungdom i disse kristne foreiningane. Mellom anna tilbyr Aktivitetsklubben fritidsaktivitetar kvar veke i for barn mellom sju og tolv år. Xercise har m.a. fotballtilbod om sommaren og hockey om vinteren.



Søndagsskole

Søndagsskolen vert arrangert for barn mellom fire og tolv år. Dei samlast normalt annakvar søndag ein time før dei ordinære søndagsmøtene startar. Gruppa er som oftast delt i to fordelt på alders-nivå. På søndagsskolen lærer barna kristne grunnverdier som rettferd, tilgjeving og nestekjærlig gjennom formidling av bibelhistorier. Det vert også teke opp aktuelle problemstillingar som mobbing, venskap og respekt. Ofte er det aktivitetar for barna etterpå. Etter at landet stengde ned i mars har vi hatt høve til å følgje med på online søndagsskoler på BrunstadTV, BCC sin eigen TV-kanal. Desse søndagsskolane har hatt innslag av barn fra mange lokalmenigheter, inkludert fra våre barn i BKM Hallingdal. Mykje av materialet som BrunstadTV har produsert til desse sendingane vil vi dra god nytte av vidare når restriksjonane er over og vi igjen kan samle barna til søndagsskole på Øyni.



Barnevelsigning

Vi har hatt ei barnevelsigning i løpet av 2020. Barnevelsigning skjer i starten av eit søndagsmøte der foreldra bær barnet fram framfor forsamlinga og forstanderen ber for barnet og framtida. Forsamlinga er med i bøn og sang. I år var det 6 barn som vart velsigna.



FOR JEG VET DE TANKER JEG TENKER OM DERE, SIER HERREN.
DET ER FREDSTANKER OG IKKE TANKER TIL ULYKKE.
JEG VIL GI DERE FREMTID OG HÅP!

JEREMIA 29:11



Ungdom

Det er ei aktiv ungdomsgruppe i BKM Hallingdal. Ved utgangen av 2020 var det 70 ungdommar i alderen 13-35 år. Dei samlast til ungdomsmøter ein gang i veka og det er alltid diverse aktivitetar og mat etter møtene. I perioden etter at landet stengde ned i mars, hadde ungdommen zoom-samlinger kvar veke med trusoppbygging og uformelle konkurransar.

Også i 2020 fekk ungdommen høve til å samlast til sin tradisjonelle 16.mai-fest med avgrensing i antal deltakarar pga. smittevernrestriksjoner. På programmet sto aktivitetar, trusoppbygging og underhalding. Dette er eit godt tilbod for ungdommen i eit positivt, kristent ungdomsfelleskap -sjølvstøtt og rusfritt. Ungdommer fra BKM Hallingdal har også hatt samlingar med ungdommar fra BKM Valdres, BKM Hønefoss, BKM Stavanger og BKM Stord gjennom året. Her er det skapt gode minner og knytta nye venskapsband på tvers av forsamlingane.

Brunstad Ungdomsklubb

Brunstad Ungdoms Klubb (BUK) er ei ideell og frivillig foreining for ungdom fra 13 år og oppover. BUK er ein del av Brunstad Christian Church sitt ungdomsarbeid. Lokalforeininga heiter BUK Hallingdal og mykje av vårt arbeid for ungdom vert organisert nettopp i denne foreininga. BKM Hallingdal støttar BUK sitt arbeid med økonomiske midlar. Her får ungdommen tilbod om eit variert fritidsprogram innafor fleire interessefelt i tillegg til større camper fleire ganger i året. Meir informasjon om BUK er å finne på www.buk.no

Medlemmer fra BUK Hallingdal har fått delta på fem camper og fleire kick-offer og aktivitetstsdagar i regi av BUK gjennom 2020. Dette har vore ein kombinasjon av online-camper og lokale arrangement i tråd med dei til eikvar tid gjeldane retningslinjer for smittevern.

Trusopplæring for ungdom

I 2020 var det ni flotte ungdommar som fekk bibelundervising/trusopplæring. Formålet med bibelundervisinga er at dei unge skal vert betre kjende med Bibelen. Målet er også at dei skal få ei bedre forståing av det dei les i Bibelen og høyrer på møtene slik at dei får eit godt grunnlag til å ta kloke valg vidare i livet.

Undervisinga vart gjennomført på 12-13 kvelder. Det var ein livleg og positiv gjeng med ungdommar som var aktivt med i undervisinga.

Timane starta opp i januar med mål om å ha avslutting i mai. Alt vart snudd på hovudet da Covid19 kom og vi måtte utsette heile undervisinga. I tråd med smittevernreglane klarde vi likevel å gjennomføre siste delen av undervisinga på hausten. I september fikk vi også til ein tur til Horten der vi m.a. fekk ei guida omvising på marinemuseet og fikk høyre om Johan O. Smith sitt yrkesliv i marinen og hans tidlige fase i livet som kristen. Johan O. Smith er grunnlegger av det som i dag heiter BCC, og mye av den tidlege menighetshistoria knyttar seg til hans liv og virke.

Tradisjonen tru kunne vi avslutte dette undervisningsåret som vart litt annleis med ein verdig fest på Øyni for ungdommane saman med heile menigheten. Vi ser attende på ei triveleg og lærerik tid som vi håpar ungdommane vil dra nytte av i tida som ligger framfor dei.

Vi har hatt ei barnevelsigning i løpet av 2020. Barnevelsigning skjer i starten av eit søndagsmøte der foreldra bær barnet fram framfor forsamlinga og forstanderen ber for barnet og framtida. Forsamlinga er med i bøn og sang. I år var det 6 barn som vart velsigna.



Aktivitetar for 50+

Gjennom året har det vorte arrangert ulike aktivitetar for medlemmene over 50 år (50+). På grunn av smitterestriksjoner har det ikke vore mogeleg å samlast ofte inne, men i september vart det arrangert ein tur til Halne Fjellstugu med overnatting og fjelltur.

Trygge barn – dei vaksne sitt ansvar

Tidleg i mars 2020 vart det halde kurs for alle medlemmer over 18 år for å forebygge uønska hendingar, krenkingar og grenseoverskridande åtferd. Dette vart arrangert av BCC sitt ressursteam, representert ved Harald Kronstad og Øyvind Jacobsen. BCC sin strategi og handlingsplan «Trygge barn – de voksnes ansvar» vart presentert. Kurset varde om lag fire timar og fokuset var på å ta vare på barna, gjere oss medvetne, inkluderande og kjende med prosedyrer og rutiner for forebygging og oppfølging av uønska åtferd. Det vart også lagt vekt på verdien av tillitsfulle relasjonar mellom barn, unge og føresette. BKM Hallingdal har i samband med dette arbeidet ei lokal arbeidsgruppe mot uønska hendingar (AMUH-gruppe). Gruppa har også ansvar for at dei formelle krava som vert stilt til personar med roller og ansvar i arbeidet med barn og unge på vegne av lokalmenigheten, vert ivaretatt.

Julefest på Øyni

I eit normalt år ville det ha vore stor aktivitet på Øyni i desember med julebord, juleavslutningar, julemarknad og mykje anna spennande. Denne gangen vart alt heilt annleis. 13. desember vart det arrangert ein flott utadørs julefest i regi av søndagsskolen. Det var rigga opp scene, lerret og prosjektor, og det var eit kort program fra scena med tale og framføring av juleevangeliet. Nokre barn og ungdommar hadde også vore i studio og sunge inn ein vakker julesang som vart vist som musikkvideo.

Det var også leigd inn hest og slede, og dei som ville kunne få seg ein stemingsfull tur i skogen. Med fakler og snøtunge tre let ikkje julestemninga vente på seg. Været var framifrå bra og alle kunne glede seg over ein fin ettermiddag og kveld saman før julehøgtida sette inn.

Årsregnskap for 2020 BRUNSTAD KRISTELIGE MENIGHET HALLINGDAL
--

Innhold

- Aktivitetsregnskap
- Balanse
- Noter
- Revisjonsberetning

Aktivitetsregnskap 2020

	Note	2020	2019
ANSKAFFELSE AV MIDLER			
Tilskudd			
Offentlige tilskudd		289,200	255,704
Andre tilskudd		490,000	129,175
Innsamlede midler og gaver		2,520,723	2,496,479
Inntekter fra operasjonelle aktiviteter			
Aktivitet som skaper inntekter		115,400	121,252
Finans- og investeringsinntekter		463,275	277,978
Andre inntekter		16,493	13,682
SUM ANSKAFFEDE MIDLER TIL FORMÅL		3,895,091	3,294,270
FORBRUKTE MIDLER			
Kostnader til anskaffelse av midler		3,629	13,622
Kostnader til formålet:			
1 Kostnader til aktiviteter som oppfyller formålet	1,2,3,4,8		
1.1 Avdeling: Menighet		1,889,218	1,752,759
1.2 Avdeling: Ungdom		173,780	221,428
1.3 Avdeling: Søndagsskole		64,559	75,510
2 Tilskudd til oppfyllelse av organisasjonens formål			
2.1 Misjonsgave til BCC		617,500	1,785,910
2.2 Tilskudd foreninger		200,000	600,000
2.3 Andre tilskudd		-	14,650
SUM FORBRUKTE MIDLER		2,948,687	4,463,879
ÅRETS AKTIVITETSRESULTAT		946,404	(1,169,609)
TILLEGG/REDUKSJON FORMÅLSKAPITAL			
Annen formålskapital	6	946,404	(1,169,609)
SUM DISPONERING		946,404	(1,169,609)



BALANSE PR 31.12	Note	2020	2019
EIENDELER			
Anleggsmidler			
<i>Finansielle anleggsmidler</i>			
Andre langsiktige fordringer	7	12,878,586	12,878,586
Sum finansielle anleggsmidler		12,878,586	12,878,586
SUM ANLEGGSMIDLER		12,878,586	12,878,586
Omløpsmidler			
Andre fordringer		683,179	257,572
Bankinnskudd, kontanter og lignende	5	3,024,312	2,522,470
SUM OMLØPSMIDLER		3,707,491	2,780,042
SUM EIENDELER		16,586,077	15,658,628
FORMÅLSKAPITAL OG GJELD			
Formålskapital			
Annen formålskapital		16,578,032	15,631,628
SUM FORMÅLSKAPITAL	6	16,578,032	15,631,628
GJELD			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		8,045	27,000
Sum kortsiktig gjeld		8,045	27,000
SUM GJELD		8,045	27,000
SUM FORMÅLSKAPITAL OG GJELD		16,586,077	15,658,628

Hallingdal, 10.02.2021

Rita Haug
Styrets Leder

Olav Espegard
Styremedlem

Rune Østgård
Styremedlem

Morten Sjemmedal
Styremedlem

Jonathan Espegard
Styremedlem



Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven, god regnskapsskikk for små foretak og foreløpig Norsk regnskapsstandard: “*God regnskapsskikk for ideelle organisasjoner*”.

Inntektsføring

- Tilskudd inntektsføres når organsisasjonen har juridisk rett til tilskuddet og verdien kan måles pålitelig.
- Innsamlede midler og gaver måles til virkelig verdi på mottakstidspunktet. Inntektsføring av gaver skjer på gavetidspunktet, når råderetten er overført foreningen eller når gavebeløpet er innbetalt i bank.
- Inntekter fra operasjonelle aktiviteter inntektsføres etter hvert som varene/tjenestene leveres. Operasjonelle aktiviteter deles i aktiviteter som oppfyller formålet og aktiviteter som skaper inntekter.

Klassifisering av kostnader

Kostnader i en ideell organisasjon er kostnader knyttet til aktiviteten som utøves for å oppfylle organisasjonens formål.

I aktivitetsregnskapet klassifiseres kostnader i følgende 3 hovedgrupper:

- Kostnader til anskaffelse av midler. Dette kan være interne og eksterne innsamlingkostnader, felleskostnader som tilfaller aktiviteten og kostnader i forbindelse med de operasjonelle aktivitetene.
- Kostnader til formålet. Dette er kostnader knyttet til aktivitetene organisasjonen utfører for å oppfylle sitt formål.
- Administrasjonskostnader. Disse kostnadene gjelder drift av organsisasjonen, f eks planlegging, revisjon, konsulentbruk osv.

Kostnadene kan fordeles på aktivitetene på flere måter;

- Direkte bruk
- Medgått tid på aktiviteter
- Antall brukere pr aktivitet
- Hvor mye av arealet de forskjellige aktivitetene benytter

BKM Hallingdal har benyttet en kombinert modell, der kostnader til direkte bruk blir bokført direkte, deretter blir kostnader som benyttes av alle avdelinger fordelt i henhold til en kombinasjon av medgått tid og antall brukere. Denne fordelingen innebærer grad av skjønn.

Kostnader til administrasjon av organisasjonen er fullt ut fordelt på de ulike aktivitetene i foreningen.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmidler

Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en avskrivningsplan over anleggets levetid. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående.

Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld er gjeld som forfaller senere enn ett år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmidler

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som knytter seg til varekretsløpet. For andre poster enn kundefordringer omfattes poster som forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld er gjeld som forfaller innen ett år etter transaksjonsdagen.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.



Valuta

Eventuelle vesentlige pengeposter i utenlandsk valuta vurderes etter kursen ved regnskapsårets slutt.

Skatt

Brunstad Kristelige Menighet Hallingdal er etablert som en allmenntilgjengelig forening og er i henhold til skattelovens §2-32 ikke skattepliktig for sin virksomhet.

Note 1 – Lønnskostnader etc

Foretaket har ingen ansatte. Antall årsverk er dermed 0.

Note 2 – Ytelser til ledende personer

Det utbetales ikke lønn eller andre ytelser til styret og andre ledende personer. Det er heller ikke ytet garantier eller sikkerhetsstillelser.

Note 3 - Obligatorisk tjenestepensjon

Foreningen er ikke pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Note 4 - Revisjon

Kostnadsført revisjonshonorar for 2020 utgjør kr 35.000 ink mva.

Note 5- Bankinnskudd - sikringsbeløp

Brunstad Kristelige Menighet Hallingdal har forpliktet seg til å stille kr 1.460.000 til disposisjon for Brunstadstiftelsen i tilfelle det er behov for mer kapital for å finansiere stiftelsen sitt utbyggingsprosjektet på Oslofjord.

Dette beløpet er innestående på bankkonto på balansedato. Avtalen gjelder frem til 31.12.2023

Note 6 – Egenkapital/Formålskapital

Spesifikasjon	Annen Formålskapital	Formålskapital med lovpålagte restriksjoner	SUM
Formålskapital Pr 01.01.20	15 631 628	-	15 631 628
Tilførte Midler	946 404	2 426 285	3 372 689
Forbrukte Midler		(2 426 285)	(2 426 285)
Årets resultat	946 404		946 404
Formålskapital Pr 31.12.20	16 578 032	-	16 578 032

Formålskapital med lovpålagte restriksjoner gjelder andel av innsamlede midler hvor giver får skattefradrag iht skatteloven §6-50, Midlene er videre nyttet som andel av sum forbrukte midler .

Note 7 - Fordringer og gjeld, pantestillelser og garantier m.v.

Fordringer og gjeld

Spesifikasjon	2020	2019
Fordringer med forfall senere enn 1 år	12 878 586	12 878 586
Langsiktig gjeld med forfall senere enn 5 år	-	-

Foreningen har avgitt kausjon ovenfor Stiftelsen Øyni Menighets pantelån begrenset oppad til kr 17 400 000 pr 31.12.2020 og tilsvarende til tidligere år. Underliggende gjeld pr desember 2020 utgjør kr 14 115 538.

Note 8 – Driftskostnader etter art

Spesifikasjon	2020	2019
Varekostnader	-	-
Lønnskostnader	-	-
Avskrivninger	-	-
Andre Driftskostnader	2 948 687	4 463 879
SUM	2 948 687	4 463 879

Note 9- Nøkkeltall

NØKKELTALL	2020	2019
Innsamlingsprosent	99.9%	99.5%
Formålsprosent	99.9%	99.7%

Innsamlingsprosenten viser forholdet mellom innsamlede midler og kostnadene ved innsamlingen. Formålsprosenten viser hvor mye som faktisk er brukt på det ideelle formålet av det totale forbruket.



Uavhengig revisors beretning

Til Årsmøtet i Brunstad Kristelige Menighet Hallingdal

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet til Brunstad Kristelige Menighet Hallingdal.

Årsregnskapet består av: • Balanse per 31 desember 2020 • Resultatregnskap for 2020 • Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.	Årsregnskapet er utarbeidet av styret og daglig leder ved anvendelse av regnskapsprinsippene beskrevet i note 1 til årsregnskapet. Etter vår mening gir årsregnskapet i det alt vesentlige uttrykk for foreningens finansielle stilling pr. 31. desember 2020 og er i samsvar med regnskapsprinsippene beskrevet i note 1 til årsregnskapet.
--	--

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av foreningen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Annen informasjon

Ledelsen er ansvarlig for annen informasjon. Annen informasjon består av årsrapport.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke annen informasjon, og vi attesterer ikke den andre informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese annen informasjon identifisert ovenfor med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom annen informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi, på bakgrunn av arbeidet vi har utført, konkluderer med at disse andre opplysningene inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å uttale oss om dette. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret ansvar for årsregnskapet

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med

regnskapsprinsippene beskrevet i note 1, herunder for at det gir i alt vesentlig uttrykk for foreningens finansielle stilling pr 31 desember og er i samsvar med regnskapsprinsippene beskrevet i note 1 til årsregnskapet.

Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til foreningens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Tor J Jelstad
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Penneo Dokumentnøkkel: DDGUX-UYHK4-OMX77-TKH70-IKEY1-EMH78

Penneo Dokumentnøkkel: DDGUX-UYHK4-OMX77-TKH70-IKEY1-EMH78